

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TORSDAG 23.04.2015 KL. 13.15 – 14.30

Til stades: Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Daniel Apollon (for Jill Walker Rettberg), Victoria Rosén, Marte Nordanger og Trude Bukve (for Kjersti Aarstein).

Fråfall: Erik Bjerck Hagen

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Godkjenning av referat frå møtet 09.02.2015 – Referatet vart godkjent.
- III. Orienteringssaker
 - Hjalmar Eiksund, stipendiat ved Høgskulen i Volda, er tatt opp i forskarutdanningsprogrammet ved LLE frå 1.8.2015. Eiksund er knytt til fagområdet nordisk fagdidaktikk og skal ha Endre Brunstad som hovudrettleiar. Arbeidstittel på prosjektet er: «Literacy - med nynorsk eller bokmål som hovudmål. Gransking av skrivekompetanse i eit norsk tospråk-perspektiv».
 - Det har vore gjennomført ein disputas sidan førre møte i FFU (Carla Parra, datalingvistikk). Det har såleis vore gjennomført to disputasar så langt i 2015, og det er planlagt ein disputas i juni.
 - Det var 48 søkjrarar til dei to utlyste stipendiatstillingane. Fagmiljøa vurderer søknadane innan 30. april. Etter planen skal komiteen sin rapport liggja føre innan utgangen av mai.
 - Gjennomført fyrste «startsamtale» (jamfør sak 1/15).

9. Søknadar til NFR om midlar til nasjonale forskarskular – orienteringssak

Tor orientert om dei to søknadane om midlar til nasjonale forskarskular. Søknaden «TRANSACT–Transdisciplinary Research School in Arts, Cultures and Texts” er saman med notat frå Johan Myking (sjå neste sak) sendt på høyring til dei litterære- og estetiske fagmiljøa ved LLE (sendt til gruppe A med høyringsfrist i midten av mai). Stipendiatane i FFU ba om at stipendiatane ved LLE òg får saka til høyring.

10. (Re)organisering av forskarutdanningsopplegget for LLE

FFU hadde ei grundig drøfting av instituttleiaren sitt notat om organisering av forskarutdanninga. FFU har følgjande kommentarar/synspunkt til notatet:

- Stipendiatane i FFU (og andre stipendiatar som dei har vore i kontakt med) er positivt innstilt til notatet. Dei ønskjer at det skal vera lokalt(e) tilbod for stipendiatane, og dei er positive til at ein brukar forskarskulen i språkvitskap og filologi som «mal» for oppbygging av tilbod for stipendiatane ved IF og LLE. FFU stiller seg bak dette.
- Stipendiatane melder at dei har god erfaring med at den lokale forskarskulen i språkvitskap og filologi har vore ein samlingsplass for stipendiatane. Dei meiner at stipendiatane har behov for ein samlingsplass der rettleiarane ikkje er til stades. FFU er samd i at det må gjerast tydeleg at stipendiatane skal vera i fokus i det lokale tilbodet. Det er likevel viktig at rettleiarane er informert om aktiviteten og at dei er involvert i aktivitetar som t.d. meisterklasse.
- I notatet er det lagt opp til at stipendiatar med pliktarbeid kan bidra med administrativ støtte til dei lokale tilboda. FFU ser at det kan vera uheldig dersom stipendiatar vert for tett knytt opp til drift av eit tilbod der dei sjølve skal vera deltagar på line med andre stipendiatar. Dersom det er nødvendig å bruka stipendiatar med pliktarbeid til drift av dei lokale tilboda, må dette organiserast på rimeleg vis og gjerne gå på omgang mellom stipendiatane. Aller helst ser FFU at dei lokale tilboda vert leia og administrert av fast vitskapleg tilsette med støtte frå administrasjonen ved institutta.
- Det er viktig at dei lokale tilboda er breitt forankra i fagmiljøa ved begge institutta (gjerne gjennom delt leiarskap eller ei form for styre).
- Viktig å ha rutinar som sikrar at lokale forskarskular og forskargrupper får informasjon om nye ph.d.-kandidatar.

11. Ymse

Det var ingen saker under ymse.

6.5.2015

Anne Berit Apold
skrivar